
Saksnr: 2021/16143-20
Saksbehandlar: Merethe Helland Nordnæs

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Klagenemnda		07.12.2021

Klagesak.

Klage på avslag om dispensasjon frå byggegrense mot fv. 49 - gnr. 19 bnr. 319, Kvamskogen - Kvam herad

Forslag til vedtak

Klage frå Kvam Byggevarer AS på vegne av tiltakshavar Dagfinn Vik, over Avdeling for infrastruktur og veg, Forvaltning og utgreiing sitt vedtak av 25.06.2021 (og av 20.04.2021) om å avslå søknad om dispensasjon frå byggegrense mot fv. 49 på Kvamskogen for oppføring av tilbygg til hytte på gnr. 19 bnr. 319, i Kvam herad, vert ikkje teken til følgje.

Samandrag

Saka gjeld klage på avslag om søknad på dispensasjon frå byggegrense mot fv. 49 på Kvamskogen for oppføring av tilbygg til hytte, i Kvam Herad. Det er søkt om å føre opp 24 m2 tilbygg til eksisterande hytte på gnr. 19 bnr. 319 22,5 meter frå midtlinja i køyrebana til fv.49.

Avdeling for infrastruktur og veg, forvaltning og utgreiing, heretter kalla INV Forvaltning og utgreiing, fatta vedtak om avslag på søknad om dispensasjon. Kvam Byggevarer AS har på vegne av tiltakshavar Dagfinn Vik, sett fram klage. Klagen er motteken innan klagefristen.

INV Forvaltning og utgreiing har vurdert klagen som underinstans og har funne å oppretthalde sitt avslag i saka.

Fylkesdirektøren har vurdert klagen og rår til at klagen frå Kvam byggevarer AS over INV Forvaltning og utgreiing sitt vedtak av 25.06.2021 om å avslå søknad om dispensasjon frå byggegrense mot fv. 49 for oppføring av tilbygg til hytte, gnr. 19 bnr. 319, på Kvamskogen, i Kvam herad, ikkje vert teken til følgje.

Rune Haugsdal
fylkesdirektør

Ingrid Kristine Holm Svendsen
avdelingsdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg:

- 1 Søknad om dispensasjon frå byggjegrensa langs fv. 49 over Kvamskogen. Tilbygg til fritidsbustad - gnr 9 bnr 319 - Kvam Herad
- 2 Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett på gnr 19, bnr 319 - Tilbygg (1078645).pdf
- 3 Byggjesøknad (1078638).pdf
- 4 B1 (1078639).pdf
- 5 C1-C2 (1078640).pdf
- 6 D1-D2 (1078641).pdf
- 7 E1-E4 (1078642).pdf
- 8 I1 (1078643).pdf
- 9 Q1 (1078644).pdf
- 10 Vedkommande søknad om dispensasjon frå byggjegrense mot fv. 49 - gnr. 19 bnr. 319 - Kvam herad
- 11 Tilbakemelding på søknad om dispensasjon frå byggjegrense mot fv. 49 - gnr. 19 bnr. 319 - Kvam herad
- 12 Svar til VFK.pdf
- 13 Svar på søknad om dispensasjon frå byggjegrense mot fv. 49 - gnr 19 bnr 319 Kvamskogen - Kvam Herad
- 14 Varsel om vedtak - tiltak på gnr. 19 bnr. 319 - Kvam herad
- 15 veglova §§ 30, 36, 40, 42
- 16 Rammeplan 2021-2024 - haldningsklassar for avkøyrslar og dispensasjonar frå byggjegrenser
- 17 Klage på vedtak sak 2021/16143 - Oppfølging - fv. 49 - gnr 19 bnr 319 - Kvam Herad
- 18 Klage på vedtak - oppfølging
- 19 Nytt vedtak - svar på søknad om dispensasjon frå byggjegrense mot fv. 49 - gnr. 19 bnr. 319 - Kvam herad
- 20 Ber om utsett frist - dispensasjon frå byggegrense - fv. 49 - gnr 19 bnr 319 - Kvam herad
- 21 Ber om utsett frist - dispensasjon frå byggegrense - fv. 49 - gnr 19 bnr 319 - Kvam herad
- 22 Ber om utsett frist - dispensasjon frå byggegrense - fv. 49 - gnr 19 bnr 319 - Kvam herad
- 23 Klage på vedtak
- 24 Bilete av ikke-omsøkte tiltak
- 25 Klagehanssaming klagenemnd sak 27/19
- 26 Oversendingsnotat, INV Forvaltning og utgreiing, opprettheld avslaget, 06.09.2021.
27. Kopi av oversendingsnotat til klagar, 14.09.2021

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kvam byggevarer AS har på vegne av heimelshavar på gnr. 19 bnr. 319 Dagfinn Vik, søkt om dispensasjon frå byggegrense mot fv. 49, på Kvamskogen den 22.03.2021. Det var søkt om oppføring av tilbygg til eksisterande fritidsbustad med næraste punktet 22,2 meter frå fylkesvegen. Omsøkte tiltak inneheld soverom og gang, og er 24 m². Tilbygget er søkt plassert på nordsida av eksisterande hytte. Søknaden vart retta til Kvam herad, som sendte søknaden vidare til Vestland fylkeskommune den 22.03.2021.

Vestland fylkeskommune ved INV forvaltning og utgreiing, fatta den 20.04.2021 vedtak om avslag på søknaden om dispensasjon.

Kvam byggevarer AS klaga på vedtaket, På vegner av Dagfinn Vik, i E-post av 27.04.2021. Ved ein inkurie vart denne E-posten ikkje journalført. Klage vart sendt på ny den 23.06.2021. Det går fram av opplysningane i saka at i staden for å ta klaga til handsaming, vart det den 25.06.2021 fatta eit nytt vedtak om avslag. INV forvaltning og utgreiing vurderte det slik at vedtak av 20.04.2021 var mangelfullt grunngjeve, Jfr. forvaltningslova §§ 24 og 25. Vedtak av 25.06.2021, erstatta vedtak av 20.04.2021.

Kvam byggevarer AS søkte om utsetjing av klagefristen. Utsetjing av klagefristen vart innvilga til den 31.08.2021. Kvam byggevarer AS sette fram klage på vedtak av 25.06.2021 den 06.08.2021. Klaga er motteken innan klagefristen.

INV forvaltning og utgreiing har vurdert klagen, men fann ikkje grunnlag for å ta klagen til følgje. Klagesaka vert den 06.09.2021 sendt klagenemnda ved sekretariat for endeleg avgjerd. Kopi av oversendingsnotatet vart sendt Kvam byggevarer AS den 14.09.2021 og vart gitt ein to vekers frist til å kome med merknader til oversendingsnotatet. Sekretariatet har ikkje motteke tilleggsmærknader til oversendingsnotatet.

Området på Kvamskogen:

Fylkesveg 49 (før fv. 7) over Kvamskogen har fartsgrense på 80 km/t og årsdøgertrafikk (ÅDT) på 2190 køyretøy. Kvamskogen er eit populært utfartsområde, spesielt vinterstid. Det er svært snørikt og med høge brøytekantar langs fylkesveg 49 på vinterstid. Det er over lang tid blitt bygd eit stort antal hytter, mange av dei med lovlege, og nokon med ulovlege tilkomst direkte frå fylkesvegen. Dette medfører store utfordringar med trafikktryggleiken og krav om nedsett fartsgrense mm.

I kommunedelplan for Kvamskogen (Vedteke av Kvam heradsstyre 06.09.2011) er det rekkefølgjekrav om regulering av gang- og sykkelveg på strekningen av fv. 49 kor denne hytta er lokalisert. Denne reguleringa er ikkje gjennomført. Det har difor blitt praktisert ein streng haldning til avkøyrser- og byggegrensesaker i området for å ikkje bygge ned sidearealet vidare.


I Rammeplan 2021-2024 Haldningsklassar for avkøyrser og dispensasjonar frå byggegrenser har fv. 49 over Kvamskogen fått haldningsklasse **Meget streng haldning (raud)** - svært viktig hovudveg (nasjonal og regional funksjon). Ved søknad om dispensasjon frå byggegrense:

- *«Tiltaket bør ikkje etablerast nærare enn 50 meter*
- *Nye bustader, utanom til primærnæringa som er bunden til areala, vert berre godkjent etter reguleringsplan.*

Der det er tilrettelagt med gang- og sykkelveg, busshaldeplass og fartsgrense 60 km/t eller lågare, kan søknad om dispensasjon frå byggegrense vurderast. Støykrava i byggteknisk forskrift skal oppfyllest.»



Figur 1: Plassering av hytte på gnr. 19 bnr. 319.



Figur 2: Situasjonsplan som viser eksisterende hytte og tilbygg.



Planstatus

Eigedomen er uregulert derfor gjer kommunedelplanen for Kvamskogen godkjent 6.9.2011 i HST sak 083/11 seg gjeldande.

Vedtaksmynde for dispensasjon frå byggegrense:

Kvam herad har teke inn byggegrense mot fylkesvegar i arealdel av kommuneplanen. Her går det fram:

1.6.3 BYGGEGRENSE MOT VEG

a) Byggegrense mot fylkesveg 7, fylkesveg 49 og fylkesveg 48 er 50 meter, unntak av kor kommuneplan eller reguleringsplan viser anna byggegrense. For øvrige fylkesvegar gjeld ei byggegrense på 30 meter.

b) Den til ein kvar tid gjeldande rammeplan for avkøyrslar og byggegrense for riks- og fylkesvegar skal leggast til grunn ved handsaming av søknad om dispensasjon frå den byggegrensa som føl av bokstav a)

Kvam herad har, etter å ha vore i dialog med Vestland fylkeskommune med INV forvaltning og utgreiing. Kvam herad har den 27.01.20201 gjeve følgjande svar:

«De er kommunen sin intensjon av øvrige fylkesvegar (alle andre enn 7, 48, og 49) skal ha ei byggegrense på 30 meter og at dette vert forvalta av kommunen gjennom plan- og bygningslova.»

Fylkesdirektøren legg difor til grunn at fylkesvegane 7, 48, 49 ikkje er råka av føresegnene i kommuneplanen pkt. 1.6.3. Byggegrense på 50 meter følgjer då av veglova § 29 2. ledd og vegstyremakt Vestland fylkeskommune gjer vedtak i dispensasjonssøknader etter veglova §§ 30 og 34.

Vestland fylkeskommune er rette vegmynde for handsaming av søknad om dispensasjon, og klagenemnda i Vestland fylkeskommune er klageinstans.

Tidlegare behandling av saka:

Det vart i 2018 søkt om dispensasjon frå byggegrense mot fv. 7 (no fv. 49) for det same tiltaket. Søknad om dispensasjon vart avslått. Vedtaket vart klaga på. Saka vart behandla i Hordaland fylkeskommune si klagenemnd i 2019, PS sak 27/2019 den 03.06.2019. Klagar fekk ikkje medhald i klagen i klagenemnda. I den «nye rammeplanen for 2021-2024» har fv. 49 fått ein, ny strengare haldningsklasse (raud) med strengare vilkår for å vurdere dispensasjon. INV forvaltning og utgreiing, skriv i saka at situasjonen på Kvamskogen er den same idag som då søknad av 2018 vart handsama, med unntak av 2 punkt:

-Vedtak av kommunedelplan for tunnel under Tokagjelet

-Vedtak av ny Rammeplan 2021-2024 Haldningsklassar for avkøyrslar og dispensasjonar frå byggegrenser.

Andre opplysningar

Avdeling for infrastruktur og veg har i samband med handsaming av søknad om dispensasjon, blitt gjort merksame på at det har blitt utført tiltak som det ikkje er søkt om, på den aktuelle eigedomen. Det er ført opp bod og terrasse nærare midtlina på fv. 49 enn 50 meter. I tillegg er det etablert grusa avkøyrslar til eigedomen. Ansvarleg søker og tiltakshavar har motteke varsel om dette.

Rettsleg grunnlag

Det går fram av forvaltningslova § 28 1. og 2. ledd, vedtak som kan påklagast, klageinstans:

«Enkeltvedtak kan påklages av en part eller annen med rettslig klageinteresse i saken til det forvaltningsorgan (klageinstansen) som er nærmest overordnet det forvaltningsorgan som har truffet vedtaket (underinstansen).

For enkeltvedtak som er truffet av forvaltningsorgan opprettet i medhold av lov om kommuner og fylkeskommuner, er klageinstansen kommunestyret eller fylkestinget, eller etter disses bestemmelse, formannskapet eller fylkesutvalet eller en eller fleire særskilte klagenemnder oppnevnt av kommunestyret eller fylkestinget. For enkeltvedtak som er truffet av egne rettssubjekt som har fått overført myndighet fra kommunen eller fylkeskommunen, er klageinstansen en eller fleire særskilte klagenemnder som er oppnevnt av det øverste organet i rettssubjektet. Departementet er likevel klageinstans når vedtak er truffet av kommunestyret eller fylkestinget eller av det øverste organet i eget rettssubjekt som har fått overført myndighet fra kommunen eller fylkeskommunen. Vedkommende statlige organ er klageinstans når vedtak er truffet i henhold til myndighet delegert fra et statlig forvaltningsorgan.»

Det går fram av veglovas § 1 A:

«Formålet med denne lova er å tryggje planlegging, bygging, vedlikehald og drift av offentlege og private vegar, slik at trafikken på dei kan gå på eit vis som trafikantane og samfunnet til ei kvar tid kan vere tente med. Det er ei overordna målsetting for vegstyresmaktene å skape størst mogleg trygg og god avvikling av trafikken og ta omsyn til grannane, eit godt miljø og andre samfunnsinteresser elles.»

Veglovas § 29 1. ledd seier:

«Langs offentleg veg skal det vere byggegrenser fastsette med heimel i denne lova, dersom ikkje anna følgjer av arealdel av kommuneplan eller reguleringsplan etter plan- og bygningsloven. Byggegrensene skal ta vare på dei krava som ein må ha til vegsystemet og til trafikken og til miljøet på eigedom som grenser opp til vegen og medverke til å ta vare på miljøomsyn og andre samfunnsomsyn.»

Veglova § 29 2. ledd:

«Byggegrensene skal gå i ein avstand på 50 meter frå riksveg og fylkesveg og 15 meter frå kommunal veg. For gang- og sykkelveg er avstanden 15 meter (anten vegen er riksveg, fylkesveg eller kommunal veg). Føresegnene i dette leddet gjeld dersom ikkje anna følgjer av føresegnene i tredje, fjerde og femte ledd. Avstanden skal reknast frå midtlina i høvevis kjørebana, eller gang- og sykkelvegen. Har vegen åtskilte kjørebana, eller er det tvil om kva som bør reknast som midtlina, avgjer vegstyremakta kva line avstanden skal reknast frå.»

Veglova § 29 4. ledd:

«For fylkesveg kan fylkeskommunen for særskilt fastsett strekning sette byggegrensa til ein mindre avstand enn den som er nemnt i andre ledd, likevel ikkje mindre enn 15 meter.»

Veglova § 29 5. ledd:

«Ved kryss i plan mellom

- 1) Offentlege vegar*
- 2) Offentlege vegar og andre vegar som er opne for allmen ferdsle*
- 3) Offentlege vegar og jarnveg eller sporveg*

skal byggegrensa følgje den rette lina mellom punkt på midtlina åt vegane (jernbana, sporvegen) 60 meter frå skjeringspunktet åt midtlinene ved kryss med riksveg og fylkesveg og 40 meter frå skjeringspunktet ved andre kryss.»

Veglova § 30 1. ledd seier:

«Byggverk, her og laus kiosk, opplag eller anna større innretning må ikkje utan særskilt løyve plasserast innafor byggegrenser som er fastsette i eller med heimel i § 29.»

Veglova § 34 lyder:

«Når byggverk eller anna innretning som nemnt i §§ 30 eller 32 heilt eller delvis ligg eller er plassert i strid med denne lova eller med føresegner gitt med heimel i lova, må byggverket eller innretninga ikkje utan særskilt løyve frå vegstyresmakta på nokon måte endrast slik at byggverket eller innretning vert meir i strid med lova. Byggverket eller innretninga må heller ikkje utan slikt løyve takast i bruk til vesentleg anna føremål enn før.»

Rammeplan for avkøyrslar og dispensasjonar frå byggegrenser i Vestland fylkeskommune 2021-2024:

Rammeplan for avkøyrslar og dispensasjonar frå byggegrenser i Vestland fylkeskommune 2021-2024, vart vedteke på møte i fylkesutvalet den 03.02.2021, sak PS 42/21. Vestland fylkeskommune har på grunnlag av Statens vegvesen Region vest sin rammeplan utarbeidd ein rammeplan for avkøyrslar og dispensasjonar frå byggegrenser langs fylkesvegnettet i Vestland. Rammeplanen skal vere ei rettleiing ved sakshandsaming av avkøyrsløknader og søknader om dispensasjon frå byggegrensa, og skal bidra til eins praksis i heile fylket. Rammeplanen er eit ikkje juridisk bindande dokument, men skal gje føringar for kva som skal leggjast til grunn ved handsaming av avkøyrslø- og byggegrensesaker.

Grunnvilkåret for å gje dispensasjon er at omsynet bak regelen som det vert dispensert frå, ikkje vert vesentleg tilsidesett. I tillegg skal det føretakast ei interesseavveging, der fordelane ved tiltaket må vurderast opp mot ulempe av tiltaket.

Det går frem av reglement for folkevalde organ og delegering for Vestland fylkeskommune, reglement for klagenemnda pkt. 5, klagenemnda sin kompetanse:

«Klagenemnda sin kompetanse går fram av forvaltningslova § 34. Vedtaket det vert klaga på kan avvistast, stadfestast, opphevast eller endrast på dei vilkåra som går fram av lova.»

Klagen

Kvam Byggevarer AS har på vegne av tiltakshavar Dagfinn Vik, sett fram klage den 27.04.2021. Klaga vert sendt på ny den 23.06.2021. Klage av 27.04.2021 lyder slik:

«Hei,

Vi ynskjer å påklage vedtaket dykkar i sak 2021/1614-4 Søknad om dispensasjon frå byggegrense mot fv. 49 - gnr. 19 bnr 319 Kvamskogen - Kvam herad. Vi har søkt om dispensasjon frå byggegrense langs veg, og følar på ingen måte at dykk har kome med nokre motsvar til våre argument i saka. Det sterkaste argumentet er at vi meiner det finnes heimel i kommuneplanen til å kunne godkjenne søknaden. Dette står omskrive i søknad om dispensasjon.

Visst dykk meiner det annleis vil vi høyre kvifor. Bakgrunn for dykkar vedtak er blant anna at "Byggegrenser skal ta omsyn til trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet langs vegen(...)". Vi kan ikkje sjå at ein eventuell dispensasjon skal ha negative konsekvensar for nokre av det som er nemnd.

- **Trafikktryggleik:** ikkje relevant i denne saka, så vidt vi kan sjå, då det ikkje blir noko endring
- **Vedlikehald og drift av vegnettet:** det blir ingen endring frå dagens situasjon ved eit eventuelt tilbygg, då det står lengre unna Fv enn dagens hytte.
- **Arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen:** tilbygget plasseres lengre unna vegen enn det dagens hytte står. Tiltakshavar har og uttalt at det er han som tar sjansen med å bygge tilbygget ved ei eventuell utviding av vegen. No ser det heller ikkje ut som om eigedomen blir berørt ved eventuell etablering av tunell.

- **Miljøet langs vegen:** ikkje relevant i denne saka, så vidt vi kan sjå.

Alle argument for byggjegransa er då svara ut, og tiltaket kjem openbart ikkje i konflikt med hensikta til byggjegransa. Vedtaket dykk fremjar er og såpass tynt, at vi ikkje får ein oppfatning om vår argumentasjon i saka er vektlagt i det heile. Tiltakshavar sit igjen med ein følelse av å bli straffa med negativt vedtak pga ulovlegheitane som har dukka opp i saksgangen. Som vi skreiv i vårt svar til dykk håpte vi på å skilje på sakene, og heller ta sak for sak.

Vi har i dag, 27.04.21, prøvd å ringe dykk vedr saka, men har ikkje fått svar. Vi ynskjer ein dialog med dykk, og aller helst ei synfaring på tomta. Det er ynskjeleg at tiltakshavar, ansvarleg søkjar og eventuelt ein representant frå dykk stiller på synfaringa. Vi er opne for forslag til tidspunkt. Agenda for synfaringa er å gjere dykk kjend med saka, både ulovlegheitssaka og vår søknad om tilbygg til eksisterande fritidsbustad.»

Klage av 06.08.2021 lyder slik:

«Vi ynskjer å påklage vedtak med dykkar ref. 2021/16143. Søknad om tilbygg på gbnr 19/319 Vedtaket dykkar denne gongen begrunnes med det same som førre vedtak. Dvs Trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen og miljøet langs vegen. Nedst i dette skrivet finn dykk våre tidlegare argument for kvifor vi meiner dette ikkje er relevante begrunningar eller at tilbygget skal ha negative konsekvensar for nokre av desse punkta. Desse argumenta meiner vi framleis står sterkt i dispensasjonssøknaden.

I nytt vedtak argumenteres det for at tilbygget bryt byggjegransa. Heile vedtaket byggjer på at det ikkje er heimel for å innvilge tilbygget pga byggjegransa. Dette er vi klar over, men konsekvensane av ein ev dispensasjon drøftes heller lite i dykkar brev. Igjen så meiner vi at våre argument for positiv dispensasjonsvedtak ikkje er vekta eller drøfta i det heile tatt. Vi er klar over at tilbygget krev dispensasjon, og meiner at eit eventuelt tilbygg ikkje vil ha betydning for nokre av omsynspunkta som dykk nemner.

I vedtaket skriv dykk og fyljande: "(...)Det vart difor i 2014 tatt med rekkefølgjekrav om etablering av gang- og sykkelveg langsmed fv. 49 på strekket mellom NAF - Ungdomsheimen i kommunedelplan for Kvamskogen. På «begge sider» av denne strekkingen er det rekkefølgjekrav om regulering av gang- og sykkelveg. Omsøkte tiltak ligg på strekning kor det er krav om regulering av gang- og sykkelveg (...)" Omsøkt tiltak ligg utanfor "sona" dykk visar til. Vi meiner og at det finnes eit godt argument til å innvilge dispensasjonen på grunn av fyljande tilleggstekst til §8 bokstav a) i Kommunedelplanen: "Kravet til reguleringsplan gjeld ikkje for vedlikehald, mindre fasadeendring og tilbygg". Område er avsett til framtidig fritidsbustad og ikkje LNF/vegareal. Skjermdump av gjennomsiiktig plankart og føresegn vedlagt.

Vi ynskjer og å vise til at søkjar på gbnr 19/266 utan vidare forklaring vedr nærleik til veg fekk settje opp ei erstatningshytte på 120m2 bare 14m frå asfaltkanten. Det blei i denne saka søkt om dispensasjon frå Veglovas §29 og Kommunedelplanens §§6 og 11-7. Dispensasjonane var til høyring utan at det kom inn noko merknad på avstand til veg (Vlfk ref: 2020/38609. SVV ref: 2020/38483). Vi kan ikkje sjå at eit lite tilbygg som skal byggast lengre vekke frå Fylkesvegen skal medføre noko større ulempe enn eksempelvis denne. Vi legg og ved eit kartutsnitt som visar at visst ein trekk ei rett linje mellom nabohyttene så ligg tilbygg på omsøkt tiltak med god avstand til denne linja. Dette for å vise at tiltaket kjem i konflikt med ein ev utviding av vegen "lenge etter" eksisterande hytter.

Dykk skriv og i brevet at "Basert på ovannemnde finn me at omsynet til søkars behov for tilbygg til hytte ikkje kan vektast høgare enn omsynet til fv. 49 og behovet for å ikkje byggje ned vegen sitt sideareal". Sjølv sagt er vi einig i at omsynet til fv. 49 veg tyngst, men i denne saka meiner vi at sunn fornuft tilseier at tiltaket ikkje vil påverke vegen. Korkje positivt eller negativt. Vi meiner og at det finnes heimel i ei *fornuftig* skjønnsvurdering å innvilge dispensasjonen til familien Vik.»


Til klagen er det vedlagt plankart og føresegner. Sjå vedlegg.

Avdeling for infrastruktur og veg, forvaltning og utgreiing si vurdering av klagen

Avdeling for infrastruktur og veg, forvaltning og utgreiing, har den 06.09.2021 gjeve følgjande vurdering:

«Det er korkje i søknad eller klage vist at nytt tilbygg ikkje er i konflikt med framtidig gang- og sykkelveg langsmed fv. 49. Det er vår vurdering at tilbygget vil kunne vere i konflikt med framtidig gang- og sykkelveg langsmed fv. 49.

Det har sidan vedtak av kommunedelplan for Kvamskogen i 2011 blitt praktisert ein streng haldning til byggjegrænse mot fv. 49. Det har i semje med Fylkesmannen i Hordaland/Statsforvaltaren i Vestland og Kvam herad, blitt tatt inn 50 m byggjegrænse mot fv. 49 i reguleringsplanar i området. For eksisterande hytter er byggjegrænse lagt på framside av hyttene og trekt bakover på sidene som vist under. Det er vår vurdering at avslaget på søknaden om dispensasjon i dette tilfellet ikkje gjev ulik behandling av søkar i høve andre hytteeigarar på strekningen.



Figur 3: Utsnitt av plankart til reguleringsplan for Skårane, Dalen, Leite og Vassverena, planid 20130006

Me viser til søknad, avslag og klagebehandling av 2018 og 2019. Det vart i 2018 søkt om dispensasjon frå byggjegrænse for det same tiltaket. Søknad vart avslått med grunngjeving knytt til miljøet på eigedommen (tiltaket ligg i raud støysone), og behov for areal langsmed fv. 49 for etablering av g/s. Klagenemnda i Hordaland fylkeskommune gav ikkje medhald i klage på avslag. Desse momenta er difor handsama av Statens vegvesen og klagenemnda. Det har ved tidlegare behandling i klagenemnda blitt lagt vekt på at vilkår for å vurdere dispensasjon ikkje var møtt i gjeldande rammeplan for avkøyrslar og dispensasjonar. I ny rammeplan har fv. 49 fått ny strengare haldningsklasse med strengare vilkår for å vurdere dispensasjon.

Sjølv om kommunedelplan for tunell under Tokagelet er vedtatt, er situasjonen på Kvamskogen per i dag den same som i 2018. Ny tunell under Tokagelet er ikkje finansiert, og det er ikkje nokon garanti for at tunnelen blir realisert. Inntil tunell er realisert vil trafikken og tilhøva elles på Kvamskogen medføre eit behov for gang- og sykkelveg, samt sanering av avkøyrslar på fylkesveg 49.»

INV forvaltning og utgreiing har vurdert klaga og argumenta som kjem fram i klagen, men finn ikkje grunn til å gjere om vedtak av 25.06.2021.

Avdeling for infrastruktur og veg, har og kommentert dei enkelte merknadene i klagen. Sjå kommentarar i oversendingsnotat av 06.09.2021 frå INV forvaltning og utgreiing.

Fylkesdirektøren si vurdering av klagen

Byggjegrænse angir den minste avstand eit tiltak kan plasserast frå ein fysisk ressurs, til dømes ein veg. Byggjegrænser skal ta omsyn til trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehovet ved ei eventuell utviding av vegen og miljøet langs vegen. Ein søknad om dispensasjon frå byggjegrænse skal avgjerast etter ei avveging mellom søkjaren si interesse og behov for å få

dispensasjon på den eine sida og omsyna som nemnt ovanfor på den andre sida, Jfr, veglova § 29 første og annet ledd, Jfr. §§ 30 og 34.

Rammeplan 2021-2024 Haldningsklassar for avkøyrslar og dispensasjonar frå byggegrenser (heretter kalla Rammeplanen)

I rammeplanen for 2021-2024, (i ny rammeplan) har fv. 49 over Kvamskogen fått ny og strengare haldningsklasse, i motsetnad til tidlegare rammeplan frå 2017-2020. Fv. 49 har no strengaste haldningsklasse «Meget streng haldning - svært viktig hovudveg (nasjonal og regional funksjon)».

Det går fram av rammeplanen at tiltak ikkje bør etablerast nærare enn 50 meter. Omsøkte tiltak er søkt ført opp 22,5 meter frå midtlina til fv. 49.

I klage av 06.08.2021 peikar klagar på at i nytt vedtak vert det argumentert med at det nye tilbygget bryt byggegrense, men at konsekvensane av ein dispensasjon ikkje vert drøfta i vedtaket. Dei skriv og at eit positivt dispensasjonsvedtak heller ikkje vert drøfta i vedtaket.

Det går deretter fram av rammeplanen at der det er tilrettelagt med gang- og sykkelveg, og fartsgrense er 60 km/t eller lågare, kan søknad om dispensasjon frå byggegrense vurderast. På denne staden er det ikkje tilrettelagt med gang- og sykkelveg og fartsgrensa på staden er 80 km/t. Fylkesdirektøren vil her vise til at tiltaket det vert søkt om, og høva på staden/fylkesvegen oppfyller ikkje krava til dispensasjon i rammeplanen. Slik fylkesdirektøren vurderer det, er vilkåra for å innvilje dispensasjon etter rammeplanen ikkje er oppfylt.

Omsynet til trafikktryggleiken

Når det gjeld trafikktryggleik, skriv klagar at: ikkje relevant i denne saka, så vidt vi kan sjå, då det ikkje blir nokon endring.

Fv. 49 over Kvamskogen har ei fartsgrense på 80 km/t og årsdøgertrafikk (ÅDT) er berekna til 2190 køyretøy. Kvamskogen er eit populært utfartsområde, spesielt vinterstid. Om vinteren kan Kvamskogen være snøråk og med høge brøytekanter. Det er ført opp eit stort tal hytter på Kvamskogen. INV forvaltning og utgreiing viser i avslag til at Dette medfører store utfordringar med omsyn til trafikktryggleiken og krav om nedsett fartsgrense mm.

I søknaden vert det mellom anna argumentert med at ein dispensasjon frå byggegrense vil gjera at familien kan nytte hytta heile året. Det vert og vist til at tilbygget ikkje kjem nærare fv. 49 enn eksisterande hytte.

Fylkesdirektøren vil vise til at fartsgrensa på staden er 80 km/t og fv. 49 har ein ÅDT på 2190. I denne saka er tilbygget søkt ført opp 22,5 m frå vegmidte, noko som er nære denne trafikkerte vegen. Fylkesdirektøren kan ikkje sjå at dette talar for å gje dispensasjon frå byggegrense.

Omsynet til drift og vedlikehald av vegen

Klagar peikar på at når det gjeld vedlikehald og drift av vegnettet vert det inga endring frå dagens situasjon ved eit eventuelt tilbygg. Klagar viser til at tilbygget står lenger borte frå fv. 49 enn dagens hytte gjer. INV forvaltning og utgreiing hevdar at tilbygget vil ha same avstand til fylkesvegen som eksisterande bygg. Slik fylkesdirektøren vurderer det, vil ikkje omsynet til drift og vedlikehald av vegen bli tillagt avgjerande vekt i denne saka.

Omsynet til arealbehov ved vegen

Klagar viser til at det i avslaget vert vist til at det i 2014 er teke med rekkefølgjekrav om etablering av gang- og sykkelveg langsmed fv. 49 p strekket mellom NAF - Ungdomsheimen i kommunedelplan for Kvamskogen. Klagar peikar på at omsøkte tiltak ligg utanfor «sona» som det INV forvaltning og utgreiing viser til.

I avslag av 25.06.2021 går det fram:

«Det vart difor i 2014 tatt med rekkefølgjekrav om etablering av gang - og sykkelveg langsmed fv. 49 på strekket mellom NAF - Ungdomsheimen i kommunedelplan for Kvamskogen. På «begge sider» av denne strekningen er det rekkefølgjekrav om regulering av gang- og sykkelveg. Omsøkte tiltak ligg på strekning kor det er krav om regulering av gang- og sykkelveg. Denne reguleringa er ikkje gjennomført.» Klagar meiner at omsøkte tiltak ligg utanfor denne sona og dei meiner at dette

er eit godt argument for å innvilge dispensasjon. Dei meiner at området er avsett til framtidig fritidsbustad. Vedlagt klagen var det vedlagt plankart og føresegn.

INV forvaltning og utgreiing viser til føresegn § 3 a, felles føresegn i kommunedelplan for Kvamskogen går det fram at:

«d) På strekkja mellom NAF`en og Eikedalen og på strekkja mellom Ungdomsheimen og Tokagjelet skal det gjennomførast reguleringsplan med omsyn til gang- og sykkelveg, planfrie løysingar for skiløyper/mjuka trafikantar, avkøyrslar, busslommer og andre nødvendige tiltak for trafikksikring. Arbeidet med regulering skal vera gjennomført innan utgangen av 2014. Tidspunkt for gjennomføring av tiltak vert fastsett i reguleringsplan.

Aktuelle hytte ligg på strekningen mellom NAF`en og Eikedalen kor det er rekkefølgjekrav om regulering av gang- og sykkelveg i kommunedelplan for Kvamskogen. Tiltaket ligg difor ikkje utanfor «sona» slik det vert argumentert med i klage. Det er sett krav om regulering av g/s for å gje eit tilbod til mjuke trafikantar.»

Fylkesdirektøren sluttar seg til INV forvaltning og utgreiing si vurdering. Dette talar mot å gje dispensasjon.

Når det gjeld arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen skriv klagar at tilbygget skal plasserast lenger unna vegen enn det dagens hytte står. «Tiltakshavar har uttalt at det er han som tar sjansen med å byggje tilbygget ved ei eventuell utviding av vegen. No ser det heller ikkje ut som om eigedomen blir berørt ved eventuell etablering av tunnel». Fylkesdirektøren vil her vise til det som går fram i avslag av 25.06.2021. Her går det fram at kommunedelplan for tunell under Tokagjelet vart vedtatt av kvam heradsstyre den 29.09.2020. Ei realisering av tunell under Tokagjelet vil gjere at gjennomgangstrafikken går utanom Kvamskogen. Dette vil medføre ein helt anna trafikksituasjon, og behov for gang- og sykkelveg vil ikkje lengre vere til stades i same grad. I vedtatt kommunedelplan for tunell under Tokagjelet er det landa på trasé med tunellpåhugg i Eikedalen. Tilbygget er difor ikkje i direkte konflikt med tunellen. Men sjølv om kommunedelplanen er vedtatt, er prosjektet ikkje finansiert. Inntil tunell er realisert vil trafikken og tilhøva elles på Kvamskogen medføre eit behov for gang- og sykkelveg langsmed fv. 49. Fylkesdirektøren stør denne vurderinga.

Fylkesdirektøren vurderer det slik at omsynet til arealbehov for vegen har stor vekt.

Omsynet til miljø langs vegen, herunder støy

Klagar skriv i sin klage av 27.04.2021 kva gjeld miljøet langs vegen, ikkje relevant i denne saka, så vidt vi kan sjå.

Søknaden gjeld eit tilbygg som vil gjere hyttestorleiken større (ein auke på 24 m2) og det er argumentert med at hytta då kan nyttas heile året. Det går fram av opplysningane i saka at tiltaket ligg i raud støysone. Det går fram av Retningslinene for behandling av støy i arealplanlegging» T-144/2016, at ein som hovudregel skal unngå støyfølsam busetnad i raud sone. Fylkesdirektøren vurderer det slik, at ein vil unngå å støyfølsam busetnad i raud sone, noko som talar mot at det vert gjeve dispensasjon.

Ad. Argument om likebehandling

Klagar peikar på i sin klage til at ein søkjar på gnr. 19 bnr. 266 fekk sette opp ein erstatningshytte på 120 m2 14 meter frå asfaltkanten. Han skriv det vart søkt om dispensasjon frå veglova § 29 og kommunedelplanen §§ 6 og 11-7. Klagar kan ikkje sjå at eit lite tilbygg som skal byggast lengre borte frå fylkesvegen, skal medføre noko større ulempe enn denne hytta som vart oppført.

Fylkesdirektøren vil her vise til at det er eit ulovfesta prinsipp i forvaltninga at like saker skal handsamast likt. Det er eit forbod mot usakleg forskjellsbehandling. For at sakene skal «vere like», må dei kunne la seg samanlikne.

Fylkesdirektøren ser her at dei to sakene kan la seg samanlikne. Fylkesdirektøren har undersøkt dette. INV forvaltning og utgreiing skriv i saka at det vart gjeve løyve til å rive og føre opp ei ny hytte på gnr. 19 bnr. 26 i 2020. Ny hytte vart sett opp att på same staden og ville ikkje kome nærare fv. 49, enn den gamle hytte ville gjort. Ved ei eventuell innløyving av hytta ved etablering

av gang/sykkelsti vil kostnadene bli tilsvarende for vegeigar enten hytta er gamal eller ny. Løyvet vart gjeve før vedtak av nojeldande rammeplan 2021-2024 Haldningsklassar for avkøyrslar og dispensasjonar frå byggegrenser. I «den nye» rammeplanen har haldningsklassen blitt skjerpa inn frå *streng haldning (gul)* til *meget streng haldning (raud)* sidan dette vedtaket vart fatta. Fylkesdirektøren sluttar seg til den forklaring som INV forvaltning og utgreiing gir.

Fylkesdirektøren kan ikkje sjå at det i denne saka har blitt teke usaklege omsyn som inneber forskjellsbehandling.

Fylkesdirektøren vil til sist peika på omsynet til nettopp likheit. På møte i klagenemnda den 11.02.2021 vart det handsame ei sak som gjaldt søknad om dispensasjon frå byggegrense i Kvam herad, innanfor same kommuneplan og mot den same fylkesvegen, fv. 49. Dispensasjon frå byggegrense vart ikkje innvilga. Vedtaket vart samrøystes i klagenemnda.

Fylkesdirektøren har vurdert saka på ny og dei argumenta som kjem fram i klagen. I vurderinga av om det skal gis dispensasjon etter veglova § 29, jfr. § 30 og 34, har fylkesdirektøren lagt stor vekt på at i ny Rammeplan av 2021-2024 har fv. 49 fått ny og strengare haldningsklasse med strengare vilkår for å få dispensasjon. Fylkesdirektøren har og lagt vekt på omsynet til arealbehov langs vegen/behov for gang og sykkelveg og omsynet til at ein busetnad i raud støysone bør unngåast.

Fylkesdirektøren finn med dette at vilkåra for å gje dispensasjon eter veglova ikkje er oppfylt.

Fylkesdirektøren finn på denne bakgrunn å rå til at klagen frå Kvam Byggevarer AS, på vegner av Dagfinn Vik, over INV Forvaltning og utgreiing sitt vedtak av 25.06.2021 (og 20.04.2021), om å avslå søknad om dispensasjon frå byggegrensa mot fv. 49 på Kvamskogen, i Kvam herad, gnr. 19 bnr. 319 i Kvam herad for oppføring av tilbygg til hytte, ikkje vert teken til følgje.

Vedtakskompetanse

Klagenemnda. Det vert vist til reglement for klagenemnda punkt 2 «Oppgåver».

Vurderingar og verknader

Økonomi:

Ikkje relevant.

Klima:

Ikkje relevant.

Folkehelse:

Ikkje relevant.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Ikkje relevant.

Konklusjon

Klagen vert ikkje teken til følgje